



Kristian Hus med Godt vaksne blick på eldrepolitikken i kommunen

Jazz, lubbesild, bål og kåseri er faste innslag på Bøkkerveldane. Slik var det også i går då 50 gjester frå heile Kvinnerad var samla til den tradisjonelle kystkulturkvelden på Rød. I vakkert ver og med båtar til kai og på svai var ramma den beste ein kunne ynskja seg.



[Kjell Borge Olsen si jazzgruppe – noko av det beste vi finn på Vestlandet](#)

Kjell Borge Olsen samlar det beste som er av jazzmusikarar på Vestlandet. Sonen hans, Leif Henrik Borge Olsen, kjem kvart år frå Trondheim for å vera med på Bøkkervelden. Bjarne Øymyr og Alex Grieg har vore med før. Ny aktør i år var Thomas Nøkling på tenorsax. Han opna det heile med solospel frå sjøbudøra på Bøkkerleimen.

Kristian Hus formidla synet til dei eldre i kåseriet sitt Godt vaksne blikk. Han nemnde særleg møte med Jens Ljosnes frå Kvernavikjo som i heile sitt liv var nær knytt til sjøen som sjømann, fiskar og handverkar. Kristian Hus kjem med ny bok i oktober.

Kvelden vart avslutta med bål i stranda.



Kvelden vart avslutta med eit vakkert bål i stranda

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland